

LOV FOR BONDEUNGDOMSLAGET I MOLDE

(Sist endra på årsmøte 4. desember 2013)

§ 1 - Føremålet

Bondeungdomslaget i Molde er eit frilynt lag som skal arbeide for norsk mål, sed og skikk, og tilby barn og ungdom meiningsfylte og allsidige fritidsaktivitetar og gje dei høve til å møtast til fest, moro og hygge i eit karakter- og kulturskapande miljø. Laget skal arbeide for dei føremåla som er slått fast i lova og arbeidsprogrammet til Noregs Ungdomslag.

Bondeungdomslaget skal legge vekt på samarbeidet med andre ungdomslag, fylkeslaget og Noregs Ungdomslag for å styrkje sams kulturelle og økonomiske føremål.

§ 2 - Medlemskap og årspengar

1. Bondeungdomslaget er med i Romsdal Ungdomssamlag og vil arbeide etter lovene og føresegnene til Romsdal Ungdomssamlag og Noregs Ungdomslag.
2. Barn kan bli medlemmer i Bondeungdomslaget når dei har betalt årspengar. Dei som har fylt 14 år og vil fremje føremålet til laget og betaler dei vedtekne medlemspengane, er medlemmer i Bondeungdomslaget i Molde og dermed medlemmer i Noregs Ungdomslag med fulle rettar og plikter.
3. Om ein ikkje betaler medlemspengane innan 1. mars i arbeidsåret, blir ein stroken som medlem.
4. Styret i laget har ansvaret for at medlemspengane til Romsdal Ungdomssamlag og Noregs Ungdomslag blir betalte til rett tid.

§ 3 - Nemnder

1. Bondeungdomslaget skal ha nemnder. Aktivitetane i laget skal delast mellom dei ulike nemndene. Arbeidet i nemndene skal drivast i samsvar med lova til hovedlaget.
2. Nemndene skal ha vedtekter som må godkjennast av årsmøtet i Bondeungdomslaget.
3. Nemndene blir valde på årsmøtet i Bondeungdomslaget. Leiarane i nemndene er med i styret i Bondeungdomslaget.
4. Nemndene legg fram årsmelding for styret.
5. Nemndene skal ha eiga kasse og føre kassabok om ikkje anna blir bestemt av styret, men har ikkje eigen rekneskap. Kassarane i nemndene leverer rekneskapsbilaga til rekneskapsføraren i Bondeungdomslaget til nærare fastsette fristar. All eige i nemndene høyrer til Bondeungdomslaget.

6. Tilskipingar som kan føre til utlegg utover nemnda sine likvide midlar, må på førehand godkjennast av styret i Bondeungdomslaget. I den daglege drifta bind leiaren nemnda med si underskrift.

§ 4 - Årsmelding og rekneskap

1. Arbeidet i laget skal følgje kalenderåret.
2. Meldings- og rekneskapsåret går frå 1. november til 31. oktober.
3. Bondeungdomslaget sender årsmelding til Noregs Ungdomslag og Romsdal Ungdomssamlag kvart år innan 15. februar.

§ 5 - Årsmøtet

1. Årsmøtet skal vere innan 15. desember og må kunngjerast saman med sakliste minst 14 dagar føreåt. Saker til årsmøtet må vere komne inn til styret seinast 1. november. Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i laget eller 1/3 av medlemmene krev det.
2. Årsmøtet skal ta stilling til årsmelding, revidert rekneskap, årspengar, budsjett og andre saker som styret legg fram.
3. Årsmøtet vel:
 - a) Arbeidsutvalet.
Utvalet er sett saman av leiar, vald særskilt for 1 år om gongen, 2 arbeidsutvalsmedlemmer og 1 varamedlem. Arbeidsutvalsmedlemmene blir valde for 2 år om gongen, slik at 1 står på val kvart år. Varamedlemmen blir vald for 1 år.
 - b) Nemndene.
Desse er samansett slik vedtektene seier. Årsmøtet kan la vere å velje nemnder der aktiviteten ligg nede. Dersom ein nemndleiar ikkje kan møte i styret i Bondeungdomslaget, skal nestleiar møte.
 - c) Revisorar i samsvar med vedtektene.
 - d) Andre tillitsfolk som årsmøtet til kvar tid finn nødvendig.
4. Utsendingar til årsmøtet i Romsdal Ungdomssamlag og årsmøtet i Noregs Ungdomslag skal veljast på årsmøtet i laget eller på eit lagsmøte.
5. For val og røystingar gjeld dei same reglane som for årsmøtet i Noregs Ungdomslag. (Sjå føresegnar for Noregs Ungdomslag).

§ 6 - Styret

1. Styret i Bondeungdomslaget er samansett av: Arbeidsutvalet og leiarane i nemndene. Styret vel mellom arbeidsutvalet sine medlemmer nestleiar, kasserar og skrivar. Styret tilset eventuelt rekneskapsførar.

2. Styret har ansvaret for arbeidet i laget. Arbeidsutvalet står for den daglege drifta.
3. Styret set kvart halvår opp ein arbeidsplan for laget.
4. Styret skal syte for at årsmøtet får årsmelding og revidert rekneskap. Dessutan skal det legges fram budsjett for det nye arbeidsåret.
5. Styret rår over eiga og skal drive laget på ein økonomisk forsvarleg måte, i samsvar med arbeidsplan og budsjett.
6. Styret skal føre protokoll for styremøte, utvalsmøte, lagsmøte og årsmøte.
7. Styret er vedtaksført når 5 medlemmer er til stades og røystar.
8. Styret, eller dei styret utpeikar, representerer Bondeungdomslaget i saker som vedrører Reknes Ungdomshus.

§ 7 - Eiga til Bondeungdomslaget

1. I større økonomiske spørsmål, t.d. utviding, bygging, huskjøp og sal, skal styret kome med framlegg for årsmøtet. Framlegget må vere kunngjort på vanleg måte.
I slike høve kan det same årsmøtet gje leiaren fullmakt til å skrive under lånedokument, kontrakter m.v. på vegne av laget.

§ 8 - Trygging av eiga

1. Blir laget lagt ned eller skifter føremål så det ikkje lenger kan stå i Noregs Ungdomslag, skal styret i Romsdal Ungdomssamlag ta vare på eiga til laget kjem i gang att, eller det blir skipa eit nytt lag i byen som fyller krava til medlemskap i Noregs Ungdomslag. Går det 15 år frå eiga er teken over og laget ikkje er kome i gang att, eller det ikkje er skipa nytt godkjent lag i byen, skal eiga nyttast til beste for ungdomsarbeidet i byen. Romsdal Ungdomssamlag/Noregs Ungdomslag tek avgjerd om måten eiga skal nyttast på i samråd med kulturstyret i Molde.
2. Lova til Noregs Ungdomslag gjeld når ein skal avgjere om laget er lagt ned eller har skift føremål.
3. Utgifter med styringa av eiga skal berast av eiga.
4. Ungdomshus, anna fast lagseige og lutar i fast eigedom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag. Det same gjeld bortleige på åremål av ungdomshus og anna fast lagseige.

§ 9 - Røysterett

1. Alle lagsfolk over 14 år som har betalt medlemspengar og har vore medlemmer i laget i minst 1 måned, har røysterett.

§ 10 - Ymse

1. Rusdrikk og andre rusgifter må haldast borte frå møte, samkomer, utferder og festar som Bondeungdomslaget skipar til.
2. Lover og føresegner for Noregs Ungdomslag som omhandlar tilhøve i ungdomslaga eller organisasjonen generelt, gjeld og for Bondeungdomslaget.

§ 11 - Endring av lov og vedtekter

1. Framlegg til endring av lov og vedtekter skal vere kunngjort minst ein månad før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta endringa med 2/3 fleirtal.
2. Endring av lova skal godkjennast av Romsdal Ungdomssamlag.